

Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte: 05.mars 2026 kl 18:00

Rom: Varden møterom ved biblioteket.

Møtte:

Klasse	FAU-representant	Kryss av
8a	Rønnaug Egeland (2 år, referent)	
8b	Maria Singstad (2 år)	
8c	Maria F. B. Sikkeland (1 år, leder)	X
8d	Sverre Egeland (1 år)	
9a	Mangler representant	
9b	Ragna Stakland Svela (1 år)	X
9c	Ingunn Knobloch (2 år)	X
9d	Ann Kristin Hellås (2 år)	X
10a	Nina Kvile (1 år)	
10b	Hilde Grude (1 år, kasserer)	X
10c	Andrea Bjørkavoll-Bergseth (1 år)	X
10d	Pål Pollestad (1 år, nestleder)	x
Rektor	Sigurd Ravndal	X

Fraværende: Rønnaug Egeland, Maria Singstad, Sverre Egeland, Nina Kvile

25/26-15	<i>Godkjenning av referat sist møte, 7.1.2026</i>
Informasjon om saken – hva kom frem fra diskusjonen: Referat frå møte 7.1.2026 er lagt ut – godkjent. Ingen merknadar	

25/26-16	<i>Vinterball 2026 - evaluering</i>
Evaluering: Litt for mykje kasting av brus, elles berre positivt. Nokre elevar som ikkje skulle på ballet kom seg inn før det starta, måtte ha vaktar ved nokre av vindauga. Luftegarden vart stengd etter kvart, det vart litt uoversikteleg. Kjekkast for 10.steg – som kjenner kvarandre best, og har mest kontroll på program og musikk. Lite program, utanom to dansar frå 10. steg – vanskeleg å finna program som famnar alle. 250 elevar av 320 var med – veldig bra. Godt oppmøte av vaktar, og god stemning. Fungerte veldig bra med vipps. Meir enn nok mat og drikke.	

Skulen sine kommentarar:

Var veldig skittent denne gongen – vart ein ting at dei skulle stå og hiva brus.
Ein «ballongportal»/fotovegg vart øydelagd av nokre gutar frå 10.steg heilt i starten – veldig synd. I tillegg var det konfetti/glitter inni ballongane, så det vart ekstra mykje å vaska.

Kan minna om god oppførsel.
Elles berre gode tilbakemeldingar.

Veldig bra gjennomført! Tusen takk til komiteen!

Kven tek ansvar:

Rektor

25/26-17	Helsesjukepleiar
----------	------------------

FAU har sendt brev, fått svar der dei viser til rektor for vidare oppfølging. Jærbladet har og skrive om saka.

Rektor har hatt møte med oppvekstsjef – vart oppklart at det skal komma helsesjukepleiar til hausten.

Inger (sjef for helsestasjonane) er med på møte med miljøteamet kvar veke – har gått gjennom elevar som kunne/burde vore hos helsesjukepleiar. Nokre av desse elevane får eit tilbod, enten på skulen eller andre stader, etter kva elevane ønskjer.

Betre, men samtidig ikkje ei god løysing, veldig preg av brannslukking. Lågterskeltilbodet der elevane berre kan stikka innom er ikkje tilstades.

Har foreslått at ein må dela på helsesjukepleiar på fleire skular, dette lar seg ikkje gjera per nå.

Vegen vidare?

Rektor sjekkar korleis ein ligg an i prosessen med å ha helsesjukepleiar på plass på Klepp U til hausten. Er det/skal det lysast ut stilling? Ser dei for seg omrokking av dei som er i dag? FAU vil ha ei forsikring på at det er helsesjukepleiar på plass til hausten.

25/26-18

10.klasse avslutning

Informasjon om saka – kva kom fram i diskusjonen

Det blir felles avslutning for 10.trinn 17.juni, i skuletida.

Foreldrekontaktane og frivillige foreldre på 10. trinn organiserer. Det blir grilling, kake og drikke. Dei som har mulighet vipsar 100 kr.

Maria (FBS) har fått spørsmål om å ta det opp til skulesjefen om det er/bør vera felles retningslinjer for alle ungdomsskulane i Klepp. I dag er det ulike ordningar.

Nokre klassar vil i tillegg ha egne avslutningar på kveldstid.

Det blir òg felles avslutning på skulen slik det har vore dei siste åra.

25/26 – 19 – Elevundersøkinga.

Rektor informerer om undersøkinga og resultat.

Går gjennom og ser om det er signifikante forskjellar.

Har sett på utviklinga på trivsel for dei ulike trinna.

«Støtte hjemmefra» 9.trinn – har gått ned frå 3,9 til 3,6. Landssnittet er 4,1.

«Elevdemokrati og medvirkning» 9.trinn er 3,1, landssnittet er 3,4.

Dette er dei to som utmerkar seg med ei signifikant endring, og negativt i høve til landssnittet.

FAU og rektor er einige om at me bør har eit februar møte, der me blant anna kan gå grundigare gjennom elevundersøkinga.

«Kvalitetsmelding»

Mykje positivt. 10. trinn har hatt ei veldig positiv utvikling mtp mobbing. Ligg veldig godt an samanlikna med landssnittet.

Generelt går mobbetala opp og trivsel og læringsmotivasjon ned. Skulen har fokus på dette. Har mykje fokus på trivsel, læringsmiljø – BLI-timar.

Skulen opplever at det er godt samarbeid med foreldre og FAU.

Skulen og foreldre er einige om at det er VELDIG bra med telefon heim i starten av 8.trinn.

25/26 – 20 – Kort om lesing

5.klasse i Klepp ligg svært langt under landssnittet på lesekompetanse (40,2% på nivå 1)

På Klepp U er årets 8.steg litt betre enn snittet (mtp lesenivå 1)

9. trinn var litt dårlegare (fleire på lesenivå 1 i 8.steg)

10.trinn var veldig dårlege (i 8.trinn), ligg godt an nå.

Stort fokus på leseferdigheter på alle trinn.

25/26 – 21 – Ungdomsskule Orstad –

Dersom ungdomsskuleelevane på Orstad skal flyttast til blant anna Klepp U permanent, vil det bety at nokre elevar på Klepp U blir flytta til Bore.

Saka skal behandlast i kommunestyret 9.mai. Svarfrist på høyringa er 26.mars – SU er høyringsinstans, har møte 22.mars.

Plan for byggefasen på Orstad:

Orstad læringssenter skal flyttast til Steingarden barnehage

1.-4.trinn og SFO: Grendahus og evt. Modular

5.-7 trinn – til Engelsvoll

8.-10. trinn – Klepp U

Vil kosta mykje å busse elevane til Klepp

Vil òg høyra med Time om felles ungdomsskule på Frøyland

Bør avklarast om Orstad framleis skal vera 1.-10., eller gå over til 1.-7. snarast råd, slik at ein veit om løysningane som er skissert her er midlertidige eller faste.

Neste møte	DATO og TID
	Torsdag 07.05.2026 kl 18:00-19:00
Oppsummering	Saker som skal følgast opp neste møte:
Rektor tar ei avklaring rundt status på helsesjukepleiar – FAU ventar ei stadfesting på at det er helsesjukepleiar på plass frå 15.august 2026. Representantar til SU tar med innspela rundt skulesituasjonen på Orstad, og ønske om avklaring om faste eller midlertidige løysningar.	
Sakliste til neste møte blir sendt ut av leiar rundt 1 veke før møtet. Saker skal meldast inn på førehand frå alle FAU-medlemmer dersom det skulle vera noko.	